



Jorunn Berit Nygård  
Rishaugane 20  
5911 ALVERSUND

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 19/349 - 19/4618

Sakshandsamar:  
Øyvind Tolleshaug  
oyvind.tolleshaug@fedje.kommune.no

Dato:  
18.09.2019

## Løyve til å legge ut flytebrygge.

**Administrativt vedtak. Saknr: 026/19**

### Saksutgreiing:

**Følgjande vedtak vart gjort den 9. september i sak 024/19 :**

Jorunn Nygård får løyve til å leggja ut flytebrygga på 2,3 x 5,1 m, og å bygga landfeste og gangbru frå land i samsvar med plan kommunen sende til naboane 7/8-19. Løyvet gjeld på gnr. 168, bnr. 16.

Det har kome inn ein merknad frå Arent Wiken til vedtaket. I saksutgreiinga i sak 024/19, sto det at : *Det har ikkje kome merknader i samband med dette varselet.* Dette varselet tyder varselet som kommunen sende ut den 7. august 2019.

Opplysningen om at det ikkje var kome merknader, var ikkje korrekt. Ved ein inkurie vart ikkje merknaden frå Arent Wiken datert 20. august registrert av kommunen før den 11. september, dvs. to dagar etter at vedtaket vart gjort.


Eg vel å sjå på merknaden frå Wiken som ein klage, sjølv om ordet klage ikkje står i merknaden. Vi er i dag framleis godt innafør klagefristen.

**Byggeplass :** Gnr. 168, bnr. 16, ved fergekaien.

**Type arbeid :** Utlegging av flytebrygge.

**Tiltakshavar :** Jorunn Nygård

Søknaden gjeld utlegging av flytebrygge på 2,3 x 5,1 meter pluss landfeste og bru frå land.



Tiltakshavar har sendt ut nabovarsel. Etter ei tid vart det tvil om det var same plan for flytebrygga som var sendt til naboane som til kommunen. Fedje kommune sende difor ut nytt nabovarsel. Løyvet som kommunen gjev no, gjeld planen som kommunen sende ut saman med det nye nabovarselet.

Arent Wiken skriv følgjande i sin merknad av 20. august :

*Innsiden av fergekaien blir nyttet som fortøyningsplass. Undertegna har en tinglyst rett til å fortøye en inntil 50 fots båt her. Den ytre delen på innsiden av kaien blir og nytta til fortøyning av båter.*

*Den omsøkte flytebryggen vil være til hinder ved inn- og utseiling under ulike værforhold. I tillegg er det fare for at dyptstikkende båter, som for eksempel en seilbåt, vil berøre fortøyningskjettingene som går på skrå fra flytebryggen ned mot sjøbunnen.*

*Flytebryggen slik den er inntegnet på skisse vil stikke for langt ut og være til hinder for inn- og utseiling av større båter.*

*Jeg kan ikke godta at flytebryggen og/eller båt kommer utenfor stiplede linje som vist på vedlagte skisse.*

Tiltaket er søknadspliktig etter § 20-1 i plan- og bygningslova ( pbl ). Paragraf § 20-4 i pbl skildrar dei tiltaka som tiltakshavar sjølv kan søkja om løyve til, prosjekta og utføra.

Etter § 20-4 punkt e i pbl, kan kommunen godkjenna at tiltakshavar sjølv søker om løyve til, prosjekterer og utfører "andre mindre tiltak". Vi ser i dette høve på tiltaka det er søkt om, som "andre mindre tiltak".

Sjø er i det aktuelle området sett av til småbåthamn etter kommuneplan 2012-2024. Punkt 6.10 i føresegnene til planen krev i utgangspunktet reguleringsplan for småbåthamn. For mindre bryggjer er dette ikkje eit krav. Landområdet er i kommuneplan 2012-2024 sett av til bygningar og anlegg. Bygging av landfeste for flytebrygge og sjølve flytebrygga, er difor i samsvar med kommuneplanen.

I Ot.prp. nr. 45 (2007-2008) under "Merknader til de enkelte paragrafer i lovforslaget" står det som merknad til § 21-6 :

Bestemmelsen tilsvarer i hovedtrekk Bygningslovutvalgets forslag til § 21-6 og tar sikte på å kodifisere og klargjøre gjeldende rett om bygningsmyndighetenes oppgaver med hensyn til privatrettslige forhold i byggesaker.

og

Hovedoppgaven for plan- og bygningsmyndighetene ved avgjørelsen av søknader om tiltak vil således fortsatt være å påse at tiltaket ikke strider mot bestemmelser gitt i eller i medhold av plan- og bygningsloven.

Plan- og bygningslova er ein ja-lov. Skal kommunen seia nei, må vi ha lovheimel. Det kan eg ikkje sjå at vi har.

Om søknaden er i strid med privatrettslege tilhøve, har Sivilombudsmannen skrive følgjande i eit brev datert 31. mai 2013 :

Side 1 i brevet :

*Den klare hovedregelen etter pbl. § 21-6 er fortsatt at bygningsmyndighetene som utgangspunkt ikke skal ta stilling til privatrettslige forhold ved behandling av byggesøknader. Ved avgjørelsen av en søknad om tiltak skal bygningsmyndighetene kun påse at tiltaket ikke strider mot bestemmelser gitt i eller i medhold av plan- og bygningsloven. Dette utgangspunktet fremkommer både av lovens ordlyd og av forarbeidene, og har lenge vært et prinsipp i bygningsretten.*

Side 2 og 3 i brevet :

*Det er først når det fremstår som klart at tiltakshaver ikke har de privatrettslige rettighetene søknaden forutsetter, at kommunen kan avvise søknaden, jf. ordlyden i § 21-6. Med "klart" menes at det må foreligge mer enn vanlig sannsynlighetsovervekt. Av kravet om at det må fremstå som klart at tiltakshaver ikke har de privatrettslige rettighetene søknaden forutsetter, følger det at kommunene er ment å ha en begrenset undersøkelsesplikt.*

Etter dette kan eg ikkje sjå at kommunen kan avvise søknaden pga privatrettslege tilhøve.

Tiltaket krev løyve både etter plan- og bygningslova og etter hamne- og farvannslova.

Kommunen gir no løyve etter plan- og bygningslova og sender søknaden til Bergen og omland havnevesen ( BOH ) for handsaming etter hamne- og farvannslova når klagefristen etter pbl er ute.

### **Vedtak**

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 082/16 og § 20-4 og § 21-4 i plan- og bygningslova, gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Jorunn Nygård får løyve til å leggja ut flytebrygga på 2,3 x 5,1 m, og å bygga landfeste og gangbru frå land i samsvar med plan kommunen sende til naboane 7/8-19. Løyvet gjeld på gnr. 168, bnr. 16.

Vilkår for løyvet :

Kommunen skal ha skriftleg melding når tiltaket er gjennomført. Lovheimel : § 21-10 i pbl.

\*\*\*\*\* \*\*

Når det gjeld klagerett, syner eg til Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak, som ligg ved.

Øyvind Tolleshaug  
Plan- og utbyggingssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

**Mottakarar:**

Arent Wiken	Sjånesvegen 3	5947	FEDJE
Jorunn Berit Nygård	Rishaugane 20	5911	ALVERSUND